

## Etterutsending av dokument til formannskapet 24.11.2015

- Vedlegg til PS 182/15 – Notat frå rådmann til formannskapet. *Spørsmål frå formannskapet 17. november 2015*, datert 24.11.2015. s. 1
- Månadsrapport oktober 2015. s. 4
- Brev frå ordførarane i Volda og Ørsta kommunar til statsråd Bent Høie. *Invitasjon til Volda*, datert 23.11.2015. s. 15



# NOTAT

**Frå:** Rådmann

**Sak:** Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019

Arkivsak nr.	Lopenr.	Arkivkode	Avd / Sakshandsamar	Dato
2015/1559	11981/2015	151	ADM/RUNSJU	24.11.2015

## Spørsmål frå formannskapet 17. november 2015

Under følgjer tilbakemelding på spørsmål knytt til årsbudsjett 2016/økonomiplan 2016-2019.

### EIGEDOMSSKATT

Eigedomsskatten frå verk/bruk utgjer ca 3,5 mill kr (med eigedomsskatt på 2 promille).

### RENTESIKRING

Volda kommune har 2 rentebytteavtalar på til saman 100 mill:

- Volda kommune betaler fast rente på 4,33% til banken (av eit beløp på 50 mill kr) . Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt desember 2018. Rentesikringa har pr 19. november 2015 ein overkurs på 5,28 mill kr.
- Volda kommune betaler fast rente på 4,47% til banken (av eit beløp på 50 mill kr) . Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt juni 2021. Rentesikringa har pr 19. november 2015 ein overkurs på 8,72 mill kr.

Rentesikringane har dermed ein samla overkurs på 14 mill kr pr 19. november 2015.

Ein bør ikkje løyse inn fastrentene no fordi:

- Kostnaden for innløysing vert ført i rekneskapen det året det vert gjennomført ( 14 mill kr i 2015).
- Kommunen har allereie svært låg andel fast rente i porteføljen (13%). Ved å ta bort desse 2 fastrentene, vil porteføljen ha 100% flytande risiko.
- Diskonteringsrenta som vert nytta for rekne overkursane er svært låg. Det er vanskeleg å sjå for seg at renta kan verte vesentleg lågare.



# VOLDA KOMMUNE

## BUDSJETTRAMMER

Sektorar og stabar	Opprinnelig Budsjett 2015	Revidert Budsjett 2015	2016
Rådmann	1 542 211	1 542 211	1 660 059
Samfunn og rådgjeving	1 166 619	1 286 625	1 480 272
Personal og organisasjon	11 651 797	11 651 797	12 763 452
Økonomi	6 233 840	6 733 840	6 753 769
NAV Kommune	7 948 331	7 948 331	8 158 196
Opplæring og oppvekst	191 788 097	191 788 097	197 026 026
Helse og omsorg	159 500 718	160 825 712	182 217 111
Kultur og service	9 943 763	9 903 763	10 604 717
Politisk verksemd	2 981 292	3 081 292	2 695 392
Teknisk	27 955 218	28 152 218	31 163 429
Sjølvkosttenester	-106 183	-106 183	0
Utvikling	5 390 997	5 502 997	5 709 130
Barnevern Volda kommune	16 876 667	16 876 667	18 539 580
<b>SUM</b>	<b>442 979 550</b>	<b>445 293 550</b>	<b>478 771 133</b>
Fellesområdet	3 665 059	5 429 059	-2 688 230
<b>SUM</b>	<b>446 538 426</b>	<b>450 616 426</b>	<b>476 082 903</b>

Tabellen ovanfor er ein komprimert utgåve av budsjettskjema 1B. Sum skjema 1B skal vere nøyaktig lik budsjettskjema 1A (med motesett forteikn). Ved utarbeiding av konsekvensjustert budsjett tar ein utgangspunkt i det opprinnelege budsjettet frå året før. Budsjettskjema 1B for 2016 viser ei auke på ca 29,5 mill kr i høve til det opphavlege budsjettet for 2015. Her er hovudforklaringane:

- Løn auke 12 mill kr (fordelt ut på sektorane med sama sats)
- Prisauke 2 mill kr (plassert på fellesområdet)
- Nye tiltak 12 mill kr
- Integrering av flyktningar 5 mill kr

Det er viktig å vere merksam på følgjande i budsjettskjema 1B:

- Det er lagt inn ei auke i pensjonspremien på 11.070.000 på sektorane. Dette er finansiert av å inntektsføre premieavviket for 2016 på fellesområdet.
- Tala inkluderer dei nye tiltaka.

Dei 2 kulepunkta ovanfor fører til at budsjettrammene til nokre av sektorane aukar langt meir enn deflatoren på 2,7%.



# VOLDA KOMMUNE

## STILLINGSOVERSIKT

	Årsverk	
	2015	2016
Rådmann	1,00	1,00
Samfunn og rådgjeving	1,75	1,75
Personal og organisasjonsstab	12,29	12,29
Økonomistaben	9,50	9,50
Opplæring og oppvekstsektoren	263,95	268,85
Helse- og omsorgssektoren	249,17	271,87
Kultur og servicesektoren	12,70	12,70
Teknisk sektor	59,45	62,45
Utviklingssektoren	8,00	8,00
Barneverntenesta Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta	62,10	62,10
<b>Samla stillingsressursar Volda kommune</b>	<b>679,91</b>	<b>710,51</b>

For 2016 så er årsverka sett opp ut frå heilårsverknad, men dei fleste vil ha berre delvis verknad i år 2016.



Ved utgangen av oktober har Volda kommune en skatteinnngang på 157,2 mill kr. Dette er ca 2 mill kr mindre enn kva som var forventet skatteinnngang ved utgangen av oktober. Svikt i vår eigen skatteinnngang er ikkje det mest dramatiske. Volda kommune får kompensert 95% av differansen mellom vår eigen skatteinnngang og landsgjennomsnittet.

Det er svikt i skatteinngangen på landsbasis som gjer det største utslaget. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Jo mindre skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane.

Regjeringa kom med ny prognose på skatteinngangen på landsbasis for 2015 ved framlegginga av statsbudsjettet for 2016 den 8. oktober. Prognosen er identisk med førre prognose som regjeringa gjorde da revidert nasjonalbudsjett (RNB) vart presentert i mai.

### Eigedomsskatt

Det er budsjettert med 15,5 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Eigedomsskattekontoret har utarbeidd prognose som indikerer at inntektene frå eigedomsskatt vert ca 16 mill kr (inkluderer ca kr. 200.000 frå Statsnett) i 2015.

### Generelle statstilskot

Tabellen under viser budsjetterte generelle statstilskot for 2015.

Generelle statstilskot	2015 budsjett	2015 (prognose)
Integreringstilskott	20 937 800	25 682 528
Gr.97/investering i skulebygg	1 705 454	1 464 869
Omsorg	3 276 638	3 213 471
Kyrkjebygg	77 044	72 000
<b>Sum</b>	<b>25 996 936</b>	<b>30 432 868</b>

### Integreringstilskot

Tabellen under viser ny prognose for integreringstilskotet pr. 21.09.15.

Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	SUM
ÅR1 (2015)	232 000,00	24	5 568 000,00
ÅR1 (2015)	182 000,00	16	2 912 000,00
ÅR2 (2014)	210 000,00	35	7 350 000,00
ÅR3 (2013)	152 000,00	26	3 952 000,00
ÅR4 (2012)	82 200,00	29	2 383 800,00
ÅR5 (2011)	70 000,00	18	1 260 000,00
Familiesameinte 2015	182 000,00	9	1 638 000,00
Alternativ mottaksplassert		1	118 728,00
Ekstratilskot 2015	50 000,00	10	500 000,00
<b>SUM</b>		<b>168</b>	<b>25 682 528,00</b>

Tabellen under viser opphavleg budsjett, justert budsjett, ny prognose i månadsrapporten frå juni, samt ny prognose pr. 21.09.15 over integreringstilskotet for 2015.

Generelle statstilskot	Opphavelg budsjett	Justert budsjett (k-sak 65/15)	Prognose 2015 (f-sak 124/15, mnd.rapp. juni)	Ny prognose 2015 (2. tertialrapport 2015 pr 21.09.15)
Integreringstilskot	20 217 800	<b>20 937 800</b>	24 879 000	<b>25 682 528</b>
Auke i høve opprinneleg budsjett gjennom året		720 000	4 661 200	5 464 728
Auke i høve justert budsjett i k-sak 65/15			3 941 200	4 744 728

### *Integreringstilskotet*

- Forventa integreringstilskot vert oppjustert til **kr 25 682 528**, frå kr 20 937 800 i høve justert budsjett i k-sak 65/15. Det vil seie ei auke på kr 4 744 728. I høve opphavelg budsjett er det ei auke på kr 5 464 728 (kr 20 207 800).
- Auka integreringstilskot kjem som følgje av auka busetjing frå 25 til 40 jf. k-vedtak 66/15, ni familiesameinte, ein alternativ mottaksplassert, samt ekstra tilskot på kr 50 000 pr. person som blir busett ut over dei 30 som var IMDi sin opprinnelege oppmoding, totalt 10 personar. Samla mottek kommunen integreringstilskot på 158 personar i 2015.
- Kommunale sektorar vil få auka kostnader som følgje av auka busetjing. Ein vil kome attende til dette i ei budsjettendringssak i løpet av hausten 2015.

Dei andre tilskota i tabellen ovanfor er frå Husbanken, og skulle vere dei endelege tala for 2015.

## **Finansområdet**

### Finansutgifter

Det er budsjettert med følgjande utgifter på finansområdet i 2015:

	Opphavelg budsjett 2 015	Justert budsjett 2015
Renteutgifter (inkl startlån)	19 363 000	16 600 000
Avdrag	25 000 000	19 000 000
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>44 363 000</b>	<b>35 600 000</b>

### *Renteutgifter*

Sertifikatlånet på kr 84.435.000 vart refinansiert 17 juni, og vart samtidig utvida med årets opphavelge låneopptak på 45,7 mill kr. Rentevilkåra er 3 mnd NIBOR + 0,19%, og har forfall medio juni 2016.

Prognose for renteutgiftene er ca 16,4 mill kroner (inkludert Husbanklån). Det vil seie ca kr. 200.000 mindre enn justert budsjett.

### *Minimumsavdrag*

Det vart opphavleg budsjettert med 25 mill i minimumsavdrag for 2015.

Det endelege minimumsavdraget vart nesten 21,5 mill kr i 2014. Minimumsavdraget for 2015 vert mindre enn året før. Det er 2 forklaringar på det. For det fyrste vart lånegjelda redusert i 2014 med ca 12 mill kroner fordi vi var i ROBEEK. For det andre vart det gjort store investeringar i 2014, slik at attverande levetid på anleggsmidlar er større enn året før. Minimumsavdraget vert ca 19 mill kr i 2015.

### Finansinntekter

	<b>Opphavleg budsjett 2015</b>	<b>Justert budsjett 2015</b>
Renteinntekter	2 100 000	2 100 000
Utbytte Tussa	3 500 000	2 662 000
Verdiauke obligasjonsfond m.m	1 500 000	1 500 000
<b>Sum</b>	<b>7 100 000</b>	<b>6 262 000</b>

### *Renteinntekter*

Vi vil nå dei budsjetterte renteinntektene ved slutten av året.

### *Plasseringar i obligasjonsfond m.m.*

Storebrand forvaltar våre plasseringar. Ved utgangen av oktober hadde plasseringane ein samla verdi på ca 56,64 mill kr, og er ei verdiauke på omlag kr.640.000 hittil i år.

### *Utbytte Tussa*

Utbytte frå Tussa vart kr 838.000 mindre enn opphavleg budsjett.

## **3 BUDSJETTSKJEMA 1B**

### **Sektorane**

Tabellen under viser status for sektorane ved utgangen av oktober. Utheva skrift indikerer rapporteringsnivå.



Tekst	Rekneskap 2015	Periodisert revidert budsjett 2015	Opprinneleg budsjett 2015	Rekneskap 2014
<b>Rådmann</b>	<b>1 459 973</b>	<b>1 260 609</b>	<b>1 542 211</b>	<b>1 418 833</b>
<b>Samfunn og rådgjeving</b>	<b>1 222 679</b>	<b>1 050 820</b>	<b>1 166 619</b>	<b>1 082 928</b>
Personal og løn	4 884 083	5 099 709	6 234 615	4 919 864
IKT	3 787 821	3 591 464	4 354 331	3 009 351
Innvandring	-4 856 810	878 989	1 062 851	288 512
<b>Personal og organisasjon</b>	<b>3 815 095</b>	<b>9 570 162</b>	<b>11 651 797</b>	<b>8 217 727</b>
<b>Økonomi</b>	<b>5 304 196</b>	<b>5 500 990</b>	<b>6 233 840</b>	<b>4 847 467</b>
<b>NAV Kommune</b>	<b>7 031 560</b>	<b>6 623 609</b>	<b>7 948 331</b>	<b>5 876 748</b>
Stab opplæring og oppvekst	28 148 313	26 330 033	26 474 517	31 783 210
Helsestasjon	3 799 347	3 655 786	4 493 977	3 476 488
Barnehage	24 055 049	27 802 021	32 282 788	20 921 338
Grunnskule med SFO	84 710 710	88 830 511	108 342 669	78 125 727
Kulturskule	2 830 421	2 395 567	3 175 531	2 257 233
Volda læringscenter	14 155 764	14 025 162	17 018 615	12 128 933
<b>Opplæring og oppvekst</b>	<b>157 699 605</b>	<b>163 039 080</b>	<b>191 788 097</b>	<b>148 692 930</b>
Stab helse og omsorg (inkl.servicetenester)	10 040 459	16 636 589	10 149 808	20 016 621
Sjukeheim 2. etasje	22 615 333	18 769 028	22 939 282	18 966 864
Sjukeheim 3. etasje	19 257 050	18 634 697	22 776 030	17 615 960
Heimetenester	13 884 030	13 439 497	16 444 296	8 591 949
Heimetenester omsorgsbustader	27 669 799	26 096 855	31 896 445	29 467 867
Rus og psykisk helseteneste	13 068 142	6 080 649	7 581 335	7 526 027
Tenesta for funksjonshemma	9 216 232	7 224 544	7 840 522	7 257 511
Butenesta for funksjonshemma	24 361 378	21 978 843	26 850 338	20 539 115
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	11 918 191	10 698 712	13 022 662	9 643 524
<b>Helse og omsorg</b>	<b>152 030 613</b>	<b>139 559 416</b>	<b>159 500 718</b>	<b>139 625 439</b>
Kultur	3 601 976	3 900 335	4 793 321	4 358 555
Servicekontor	4 125 139	4 227 565	5 150 442	4 010 587
<b>Service og kultur</b>	<b>7 727 115</b>	<b>8 127 900</b>	<b>9 943 763</b>	<b>8 369 143</b>
<b>Politisk verksemd</b>	<b>2 365 595</b>	<b>2 560 395</b>	<b>2 981 292</b>	<b>2 050 625</b>
Drift og anlegg	10 333 758	8 371 155	10 164 280	8 041 200
Brann	5 127 268	5 497 826	6 664 644	4 355 204
Eigedom	9 265 520	9 284 985	11 126 294	9 073 636
<b>Teknisk</b>	<b>24 726 546</b>	<b>23 153 966</b>	<b>27 955 218</b>	<b>21 470 040</b>
<b>Sjølvkosttenester</b>	<b>1 136 322</b>	<b>-368 803</b>	<b>-106 183</b>	<b>-6 944 761</b>
Plan	1 636 499	2 509 169	2 943 977	1 375 761
Landbruk	878 316	1 094 293	1 313 151	501 106
Kart, oppmåling og byggesak	1 516 297	883 643	1 133 869	2 510 217
<b>Utvikling</b>	<b>4 031 111</b>	<b>4 487 104</b>	<b>5 390 997</b>	<b>4 387 083</b>
<b>Barnevern</b>	<b>24 400 847</b>	<b>13 368 839</b>	<b>16 876 667</b>	<b>25 346 501</b>
<b>SUM SEKTORANE</b>	<b>392 951 257</b>	<b>377 934 088</b>	<b>442 873 367</b>	<b>364 440 703</b>
<b>Felles utgifter og inntekter</b>	<b>1 627 921</b>	<b>4 533 883</b>	<b>3 665 059</b>	<b>7 208 068</b>
<b>Sum inkludert felles utgifter og inntekter</b>	<b>394 579 178</b>	<b>382 467 970</b>	<b>446 538 426</b>	<b>371 648 771</b>
<b>Finansområdet, statsilskott og frie inntekter</b>	<b>-396 442 498</b>	<b>-383 924 950</b>	<b>-446 538 426</b>	<b>-378 031 506</b>
<b>SUM HEILE KOMMUNEN</b>	<b>-1 863 320</b>	<b>-1 456 980</b>	<b>0</b>	<b>-6 382 735</b>

Her er forklaringane til tabellen ovanfor:

- Kolonne 1 viser kva som er ført i rekneskapen pr utgangen av oktober.
- Kolonne 2 viser periodisert budsjett ved utgangen av oktober
- Kolonne 3 viser budsjettet for heile året (2015).
- Kolonne 4 viser rekneskapen for same periode i 2014.

Sektorane har ved utgangen av oktober eit forbruk på kr. **392 951 257** (grøn linje i tabellen ovanfor). Periodisert budsjett er kr. **377 934 088** for same periode. Sektorane ligg med andre ord om lag 15 million kroner over budsjettet forbruk ved utgangen av oktober. Når vi inkluderer fellesutgifter (blå linje i tabellen ovanfor), så er forbruket om lag 12 million kroner meir enn budsjettet ved utgangen av oktober.

Siste linje i tabellen viser at kommunen ved utgangen av oktober har ei netto inntekt på kr. **- 1 863 320**. Dette er omlag 0,4 mill kr meir enn budsjettet for same periode. Dette har i all hovudsak samanheng med periodisering.

## **Tilbakemelding frå sektorane og stabane**

### ***Personal og organisasjon***

Staben har ved utgangen av oktober eit forbruk som er ca 5,7 mill kr mindre enn budsjettet. Hovudforklaringa til det er tilskot på innvandrarmrådet. Ein vesentleg del av desse tilskota vert sett av til fond først ved avslutning av rekneskapen på slutten av året.

### ***Økonomi***

Det vert ikkje tilsetning i stillinga som controller i 2015. Det vert innsparing på ca kr 450.000 for sektoren som følgje av dette.

### ***Opplæring og oppvekst***

Basert på månadsrapporten for oktober 2015, reknar Opplæring og oppvekst å ha eit mindreforbruk estimert til 2 500 000 ved utgangen av året.

Det hovudsakleg to moment som ligg til grunn for det estimerte mindreforbruket:

- Prognosen viser at det vil bli betalt ut mindre tilskot til dei ikkje-kommunale barnehagane enn budsjettet.
- Sektoren vil få større statlege refusjonar knytt til norskopplæring enn budsjettet.

I samband med innreiking av nye undervisningslokale til norskopplæring for vaksne og mindreårige asylsøkarar må ein pårekne auka utgifter til leige av lokale og kjøp av inventar/utstyr i 2015.

## Helse og omsorg

Sektoren forventar eit meirforbruk på ca 7, 5 mill kr ved årets slutt. Helse og omsorgssjefen opplyser at ho er veldig usikker på sluttresultatet:

- Korleis vert oppgjeret i høve ressurskrevjande?
- Kva vert resultatet i høve refusjonskrava?
- Kva vert resultatet av nattlegevaktsordninga?
- Kva vert resultatet av legedrifta?
- Kva skjer vidare utover året med omsyn til utfordringar i dei ulike døgnbemanna tenestene våre?
- Kva har vi av andre mindre uteståande utgifter og evt. inntekter?
- Kor mykje av det som er registrert på drifta skal belaste ulike prosjektkontoar?

Mange av desse forholda vert først avklart ved avslutninga av rekneskapen.

Tabellen under viser grovt oppsummert periodisert status på ulike tenestemråder pr.31.okt. I kolumna til høgre er vist dei tenestemåda med forventa høgst meirforbruk v/ årsslutt:

Tenestemråde	Meirforbruk	Mindreforbruk	Forventa meirforbruk ved årets slutt
Stab og service		7.158.000,-	
Institusjonsteneste 2.etg	3.846.000,-		2.500.000
Institusjonsteneste 3.etg	623.000,-		
Sentralkjøkken	561.000,-		
Heimeteneste, heimebuande inkl. dagavd	445.000,-		
Heimetenester, omsorgsbustader	1.573.000,-		800.000
Rus- og psykisk helseteneste	6.988.000,-		1.200.000,-
Hamna Dagsenter	891.000,-		
Avlastingsteneste barn og unge	1.103.000,-		700.000,-
Buteneste for funksjonshemma	2.382.000,-		2.300.000,-
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	1.220.000,-		
Samla	19.629.000,-	7.158.000,-	
Differanse	12.471.000,-		

Mange av tenestene har forventa inntekter gjennom driftsåret. Sektoren ligg på etterskot med fleire refusjonar. Tabellen under inntekter som ikkje er bokførte ved utgangen av oktober (men som vil kome inn i løpet av året):

Tenesteområde	SUM
Felles kommuneoverlege:	624.000,-
Rus- og psykisk helseteneste:	2.560.000,-
Hamna dagsenter	983.000,-
Tilskot ØH	893.000,-
Førebygging, rehab, legeten.	290.000,-
Manglande tenestebetaling	240.000,-
STYRK, forventa inntekter	557.000,-
Samla	6.147.000,-

Tilsvarende har vi manglande utgifter som ikkje er ført, mellom anna refusjon til anna kommune med kr. 1.800.000,-. Dei manglande inntektene og utgiftene må sjåast saman med samla meirforbruk ein har ved utgang juni og det ein kjenner av tenesteutfordringar vi har no og truleg vidare utover i året.

Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:

- Institusjonsteneste: Meirforbruket i 2.etg. er i hovudsak knytt til variabel løn som sjukevikar, omfattande ekstrainnleige og overtid. Utfordringar knytt til demens- og psykisk sjukdom har siste 3- 4 åra vore aukande. Fleire forhold har krevd ekstrainnleige både av omsyn til brukarar og tilsette. Slike forhold har vist seg siste åra meir som ein "normaltilstand". Styrka grunnbemanning er foreslått til neste års budsjett. Til tross for høgt sjukefråvær i 3 etg. er meirforbruket i hovudsak knytt til ekstrainnleige ved livets slutt(66%) og overtidutbetaling(21%, det meste av same årsak).
- Rus- og psykisk helseteneste: Har eit stort meirforbruk, men mykje av dette er manglande refusjonsinntekter. Avtale med anna kommune vart oppsagt gjeldande frå 15.08.2015. Usikkerheit om ordninga med refusjonar frå andre kommunar og tiltak der kommunen sjølv tidlegare har hatt betalingsansvar overfor anna kommune. Denne usikkerheita skal landast fram mot årsslutt.
- Hamna Dagsenter: Meirforbruket er i hovudsak utslag av manglande refusjonsinntekter, men inntektene er forventa skal kome og vil balansere rekneskaperen for Hamna D. Frå hausten 2015 starta nye tiltak som ikkje var fullfinansierte. Behovet for styrka bemanning er meldt i budsjettprosessen for 2016.
- Avlastingsteneste for barn og unge: Tenesta vart styrka med 1 mill. til 2015. I tillegg er det tilført 960.000 for etablering av **barnebustad** i tilknytning til avlastinga. Avlastingsstilbodet manglar ca. 700.000,- for å drifte året i balanse.
- Buteneste for funksjonshemma: Variable lønskostnader for høge, meirforbruket aukande. Det er fleire forhold som er årsak til dette. Lovpålagde tenester i tilknytning til gradvis innflytting i privat husvære for ein person med store tenestebehov, samt anna pålagd tiltak frå fylkesmann om å vere to personar for å unngå å bruke tvang. I tillegg har ein person flytta inn frå langtids plass i helseforetaket utan at ressursar vart tilført. Summen av mellom anna desse har gitt meirforbruket. Dette er lovpålagde tenester ein ikkje har lønsressursar til å dekke. Behovet er meldt i budsjettframlegget 2016.
- Førebygging, rehabilitering og legeteneste: Eininga består av fleire deltenester. Fysioterapi, ergoterapi, frisklivssentral, interkommunal nattlegeteneste, kommunal- og privat legeteneste. Det er mindre variasjonar i dei ulike deltenestene. Det manglar både utgiftsføringar og refusjonsinntekter for å få korrekt bilete. Eininga ser ut til å ende med eit lite meirforbruk ved årsslutt.

Totalt for sektoren viser utviklinga frå sommaren eit stigande meirforbruk. Forbruket har vore tema på leiarmøte i sektoren og djupdykk med den einskilde eininga vert gjort med det første. Vi må fortløpande vurdere alternative måtar å løyse utfordringar på, uansett kvar i sektoren utfordringa ligg.

### ***Service og kultur***

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

### ***Teknisk***

Sektoren forventar eit meirforbruk på ca 500.000 ved slutten av året. Meirforbruket er knytt til brannavdelinga og brøyte beredskap i November.

### ***Utvikling***

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

### ***Barneverntenesta***

Slik stoda er no i tenesta/talet på barn med tiltak, ligg ein innafor budsjetttramma.

### **NAV**

NAV estimerer eit meirforbruk på sosialhjelp på ca 1 mill. kr. Dette har si forklaring i mellom anna:

- auke i ledigheita,
- auke i antal klientar,
- auke i antal flyktningar,
- auke i bu- og levekostnader,
- press på bustadmarknaden.

Auke i sosialhjelpsutbetalingene er eit nasjonalt fenomen.

Ca kr 300 000 av dette meirforbruket kan dekkast ved bruk av fondsmidlar.

Det vert vidare meldt et forventa mindreforbruk på ca kr 200 000 på andre postar.

Vi har der med eit forventa netto meirforbruk på ca kr 500 000 ved slutten av året.

### **Felles utgifter og inntekter**

Vertkommunetilskot og tilskot for einslege mindreårige (EMI) er budsjettetert her. Prognose indikerer at desse 2 tilskota vert ca kr 5.307.000 for 2015. Dette er ca 463.000 meir i inntekter enn budsjettetert.

KLP forventar at Volda kommune får ca 3,5 mill kr i negativt premieavvik (utgift) i 2015. Innbetalt premie til KLP vert imidlertid også mindre enn budsjettet, og ein voner at det samla sett dermed ikkje vert noko meirforbruk på pensjonsområdet.

## OPPSUMMERING

Her er ei kort oppsummering av driftssida:

### *Frie inntekter*

Regjeringa opplyste ved framlegging av statsbudsjett for 2016 (8. oktober) at prognosen for skatteinnngangen på landsbasis er uendra i høve til den som vart presentert i revidert nasjonalbudsjett (mai).

### *Integreringstilskot/vertskommunetilskott/tilskott einsleg mindreårige*

Forventa integreringstilskot er ca 4,7 mill kr meir enn budsjettert. Vertskommunetilskottet og tilskottet for einsleg mindreårige vert samla truleg ca kr. 463.000 større enn budsjettert.

### *Finans*

- Rente og avdragsutgifter ligger tett opp til det budsjetterte beløpet
- Vi kjem ikkje å nå den budsjetterte avkastninga på 1,5 mill kr (avkastning på ca kr.640.000 ved utgangen av oktober
- Ser ut til at vi når de budsjetterte renteinntektene

### Sektorane

Sektorane meldar eit samla netto meirforbruk på ca 5,5 mill kr ved utgangen av året:

- Helse og omsorg forventar meirforbruk på 7, 5 mill kr
- NAV forventar eit meirforbruk på sosialhjelp på ca kr 500.000
- Teknisk forventar eit meirforbruk på ca kr. 500.000
- Økonomistaben forventar ei innsparing kr 450.000
- Oppplæring og oppvekst forventar mindreforbruk på kr 2.500.000

Kommunestyret budsjetterte med avsetjing til disposisjonsfond med ca 20 mill i 2015. Dette er hovudsakleg resultatet frå 2014. Rapporteringa viser vesentleg meirforbruk i helse- og omsorg i høve til tidlegare rapportert. Samtidig er det forventa mindreforbruk i oppvekstsektoren, samt netto meirinntekter når ser frie inntekter og ntegreringstilskotet/vertskommunetilskotet samla. Det er for tidleg å seie korleis det endelege resultatet vil verte, men uansett vil ikkje kommunen gå ut med underskot ettersom ein har ei så stor budsjettert avsetjing til disposisjonsfondet.

Kommunestyret handsamar 17 desember korrigering av budsjettet for 2. halvår 2015. Formannskapet lagar innstilling til Kommunestyret i møte den 8. desember.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Henrik Skovly  
Økonomisjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**





**VOLDA  
KOMMUNE**



**ØRSTA  
KOMMUNE**

OS

Statsråd Bent Høie  
Helse- og omsorgsdepartementet

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2013/1592	11903/2015	G00	ORDF/ JORAMD	23.11.2015

## INVITASJON TIL VOLDA

Ørsta og Volda kommunar vil med dette invitere deg til Volda i samband med det vidare arbeidet med Nasjonal helse- og sjukehusplan. Formålet er todelt:

1. Vi ønskjer å informere om det velfungerande sjukehuset vi har i Volda og som vi meiner er uheldig handsama i sjukehusplanen på grunn av fylkes- og føretaksgrensa mellom Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.
2. Vi ønskjer å skipe til eit seminar for sentrale politikarar og tilsette på Søre Sunnmøre og Nordfjord for å få best mogleg innsikt i kommunane si framtidige rolle i helsearbeid, spesielt på grunn av prosessane med kommunereforma.

Volda sjukehus er i dag senter i ein kvardagsregion med om lag 60.000 innbyggjarar med under 45 minutt ferjefri reisetid etter at storsamfunnet har investert over 2 milliardar i Eiksundsambandet og Kvivsvegen. Innan ein tidsavstand på under ein time med ambulanse er dekt det meste av busettinga i kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Ørsta, Volda og Stranda i Møre og Romsdal og med eit samla folketal på om lag 49.000 innbyggjarar og i tillegg kommunane Hornindal, Stryn og Eid i Sogn og Fjordane med over 14.000 innbyggjarar. I tillegg kan ein frå Vanylven nå Volda på under ein time med ambulanse ved bruk av beredskapferje. Samla soknar snart 70.000 innbyggjarar på Søre Sunnmøre og Nordfjord ferjefritt til Volda sjukehus, men på grunn av fylkes- og føretaksgrenser er Nordfjord ikkje rekna med i regjeringa sin plan for Volda. Om akuttkirurgi blir nedlagt ved Volda sjukehus vil næraste tilbod vere i Ålesund eller Førde, i begge tilfelle må ein krysse fjordar med ferje og med reisetid med ambulanse på godt over ein time.

For kommunane ser vi at dei kan få vesentleg større og krevjande oppgåver og som vil krevje tett samarbeid eller samanslåing om ein skal kunne løyse oppgåvene på ein god måte og like eins tett samarbeid med næraste sjukehus og helseføretaket sine andre institusjonar. Dette er vesentlege forhold for oss i drøftingane knytt til kommunereform og regional framtid. Spesielt er fylkesgrensa og som også er føretaksgrense eit alvorleg hinder for samhandling og oppgaveløysing i vårt område fordi dei ikkje er tilpassa nye kommunikasjonstilhøve.

Postadresse:

Stormyra 2  
6100 Volda

[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

[postmottak@orsta.kommune.no](mailto:postmottak@orsta.kommune.no)

Volda kommune tlf: 70 05 87 00

Ørsta kommune tlf: 7005870170 04 97  
00

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

[www.orsta.kommune.no](http://www.orsta.kommune.no)

Org. nr. Volda: 939 760 946

Org. nr. Ørsta: 939 461 450


15



Staten si satsing på samferdsel har skapt grunnlag for ein ny region som inkluderer delar av Nordfjord. Samferdselsatsinga har vore framtidsretta og gir grunnlag for verdiskaping og trygghet for framtidig busetting og utvikling i regionen. Men da er vi avhengig av at det vert gitt gehør for å sjå på foretaksgrensa i samanheng med kommunereforma, og der eit fullverdig sjukehus vert akseptert som basisfunksjon i dette samfunnet. Dersom alternativa for Volda sjukehus i framlegget til Nasjonal helse- og sjukehusplan skulle få tilslutning, fryktar vi at dette vert det avgjerande steget for ei negativ utvikling for regionen.



Stein Aam  
Ordførar i Ørsta



Jørgen Amdam  
Ordførar i Volda